

PROTOKOLL STYREMØTE

Dato: 18. mars 2020, **digitalt på Teams**, kl. 17.00-20.00

Deltakrar: Siv Merete Stadheim, Silje Vallestad, Irene Lunde, Karen Weichert, Steffen Sandene, Odd Henrik Berge, Ron Overdevest og Lars Røyrrhus.

Tilsette: Astrid Kalstveit og Marie Sørum

Sak 10 Innkalling styremøte godkjent.

Sak 11 Protokoll styremøtet 5. februar godkjent.

Orienteringssaker:

Dagleg leiar orienterte:

- Ekstraord. Landsstyremøte DNT 17. mars. All aktivitet og turar avlyst fram mot 1. mai og SFT føl DNT sine råd. Hyttene skal ikkje brukast, berre til naud for folk som alt er i vinterfjellet. All info frå DNT er sendt lokallaga med oppmoding følgje råd DNT/SFT.
- Dagleg leiar har lagt ut info på heimeside SFT og Facebook.
- E-post sendt lokallaga om vurdering av økonomisk tap i høve korona. Estimerte økonomiske tap skal meldast inn til DNT og nyttast i møte med myndigheitene.
- Tiltak økonomisk innsparing: Sparte møtekostnader og reiser m.m. Betalingar for deltaking på BaseCamp Vinter, kurs og Josten er betalt tilbake, men adm. kostnader har alt oppstått og dette vil presiserast i høve rapport tildelte midlar aktivitet. Mange utgifter ligg fast. Dagleg leiar vil bruke sin 80 % stilling framover, i tillegg til prosjektleiar sine 50 % (20% oppdekking dagleg leiar fell bort i april). Adm. vil utføre oppgåver ved kontoret og ha oppfølging av lokallaga, gi hjelp til diverse oppgåver og opplæring digitale verktøy og informasjon ut på aktuelle hytter. Prosjektleiar vil ha tett oppfølging lokallag i høve fristar rapportering og søknad midlar Frifond.

Sak 12 Beredskapsplan SFT.

Styret gjekk igjennom utvalde punkt i dokumentet.

Vedtak: Beredskapsplanen blei godkjent. Sjå vedlagt dokument.

Sak 13 Moglege oppgåver for rute- og hytteutval.

Karen la fram forslag til mandat for utvalet.

Styret i SFT har mandat til å opprette utvalet. På neste styremøtet skal mandatet vedtakast, og styret skal komme med forslag til 3 personar som kan vere med i utvalet. Karen skal vere SFT sin



representant i utvalet. Karen skal spørje Tor Arne Hauge. E-post til lokallaga med spørsmål om interesserte kandidatar. Interimutvalet blir oppretta no. Kjem inn på vanleg valrutine på neste årsmøte SFT.

Sak 14 Regionaliseringsarbeidet. Drøfting av organisatoriske endringar etter innspela frå lokallaga.

Styreleiar hadde ei innleiing og orienterte om situasjonen og har nyleg hatt ei samtale med Sogndal- og Luster Turlag, som alt har starta eit samarbeid.

Dei innspela om moglege organisatoriske endringar, som lokallaga kom med på fellesmøtet på Sandane og turlagsforum i forkant av årsmøtet på Skei, blei drøfta. Det som blei nemnd mest av lokallaga var ei meir desentralisert organisering/hjelp, og styrke organisasjon og halde fram med kontakt for barn/ungdom.

Styret diskuterte dei ulike løysingane. Eit forslag er at ein tek 3 drøftingsmøte med lokallagsleiarane områdevis, og be desse gruppene oppnemne 1 el. 2 lokallagsleiarar som blir med på ei drøfting på vegne av heile Sogn og Fjordane.

Viktige punkt er finansiering, innhald i stillingane og korleis ein framleis kan ivareta fylkesfunksjonen. Styreleiar lagar utkast til eit skriv til lokallaga.

Planen er å gjennomføre møter i april/mai fysisk eller digitalt.

Sak 15 Ymse

Medlem og varamedlem i styret, Forum for Natur og Friluftsliv

Vedtak: medlem: Ron Overdevest, varamedlem Anita Taftø

Høyringar:

Høyring DNT medlemskategori, frist 16. april. Silje utforma eit høyringssvar som styret skal godkjenne før innsending.

Høyringsplan for kyst i Den Norske Turistforening 2020-2025, frist 16. april. Dagleg leiar spør tidlegare styremedlem, Tor Magne Gangsøy, kome med vurderingar kva som bør spelast inn.

Styreleiar utformar eit høyringssvar, som styret skal godkjenne før innsending.

Referentar:

Astrid Kalstveit og Karen Weichert